



NORSK JOURNALISTLAG

Boks 8793 Youngstorget, 0028 Oslo

JUSTISDEPARTEMENTET	
0 2 NOV 2007	
SAKSNR.:	200705911
AVD/KONT/BEH:	LOV/ED/MHG
DOK.NR. 73	ARKIVKODE:

Oslo, 30. oktober 2007

Justisdepartementet
Lovavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

HØYRINGSUTTALE OM UTKAST TIL FORSKRIFT TIL NY OFFENTLEGLOV

Norsk Journalistlag (NJ) gir hermed følgjande uttale til forslaget om forskrift til ny offentleglov.

Norsk Journalistlag vil særleg påpeike:

NJ er tilfreds med at Justisdepartementet legg opp til at den nye offentleglova skal gjelde frå 1. januar 2008. Derimot er NJ slett ikkje tilfreds med at regjeringa og Justisdepartementet unnlet å følgje opp Stortinget sine intensjonar og føringar om at forskrifta skulle påleggje forvaltninga å journalføre såkalla organinterne dokument.

Innsynsretten er ein sentral demokratisk rett. Utan journalføring av organinterne dokument vert pressa og ålmenta sine mulegheiter klart svekka når det gjeld å kunne kike den offentlege makt i korta, påverke vedtaksprosessar og etterprøve vedtak og sakshandsaming. Journalføring er sjølvve nøkkelen til den demokratiske retten som innsynsretten er. Utan journalføring er det vanskeleg å vite kva slags dokument som finst, og det er endå vanskelegare å spore dei opp.

NJ ber om at Justisdepartementet og regjeringa snur, slik at det kjem ei forskrift som pålegg forvaltninga å journalføre organinterne dokument. Vi viser til at 10 av 17 departement allereie praktiserer journalføring av organinterne dokument, inkludert Justisdepartementet. No er det på høg tid at dei andre departementa følgjer opp, i staden for å bruke energi på å finne bortforklaringar på kvifor slik journalføring ikkje er føremålstenleg eller ønskjeleg.

NJ rår sterkt til at energien og kreativiteten vert brukt til å leggje til rette for innsyn, ikkje for å finne bortforklaringar som skal rettferdiggjere mangelen på innsyn. NJ etterlyser ei langt meir offensiv haldning frå departementet si side for å verne om offentlegheitsprinsippet, og ber innstendig om at forvaltninga i forskrifts form vert pålagt å journalføre organinterne dokument. Som ein ledd i dette bør det også setjast av ressursar til opplæring og eventuelt tekniske løysingar for dei organ som i dag ikkje journalfører slike dokument.

Merknader til dei enkelte paragrafane:

§ 1 Unntak frå verkeområdet til offentleglova

NJ meiner generelt at forskriftsforslaget går lenger enn nødvendig når det gjeld unntak av verkeområdet. Det vert spesielt vist til at verkeområdet ikkje skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Etter NJs syn er det sjølv sagt at børssensitiv og konkurransesensitiv informasjon ikkje er offentleg, men denne delen vert regulert av andre lover og bør ikkje vere noko problem i forhold til offentleglova.

NJ meiner at det er unødvendig og svært uheldig at det i forskriftsforslaget vert lagt opp til å unnlate langt meir enn dei konkurransesensitive dokumenta. NJ er kritisk til eit generelt unntak av dei seks selskapa i bokstavpunkta a-f. NJ peikar her spesielt på Posten Norge AS, som er ein monopolistisk aktør av stor samfunnsmessig betydning. Eit generelt unntak frå verkeområdet for offentleglova for eit slikt selskap er svært uheldig, og strir etter NJs syn mot intensjonane med lova.

NJ reagerer også på at det vert gitt eit generelt unntak for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette. Dette er etter NJs syn ei praktisk forklaring, ikkje ei prinsipiell, og det er etter NJs syn prinsipielle forklaringar som bør nyttast i lover og forskrifter.

NJ frårår sterkt også å gi eit generelt unntak til Norsk Tipping AS, eit selskap som mellom anna på grunn av automatsituasjonen er i ei særstilling og i praksis sjølve verkemiddelet i den nasjonale spelpolitikken. Eit slikt selskap med stor samfunnsmessig betydning og stor interesse for pressa og ålmenta bør absolutt ikkje vere unntatt offentleglova.

§ 2 Utviding av verkeområdet for offentleglova

Det finst ei rekkje sjølvstendige rettssubjekt tilknytte stat og kommune som bør omfattast av lova, sjølv om dei ikkje oppfyller vilkåra i §2 første ledd bokstav c eller d. Departementet har her berre foreslått Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst. Etter NJs syn er det ei rekkje andre kulturinstitusjonar som er i tilsvarende situasjon, som til dømes Nationaltheatret og Det Norske Teatret. Her trengst det ein grundig gjennomgang for å få med alle rettssubjekta, både innanfor kultur og innanfor universitet og høøgskular.

NJ vil i tillegg spesielt peike på stiftelsen studentsamskipnadene. Dette er etter NJs syn eit rettssubjekt som heilt klart bør vere omfatta av lova. Forøvrig viser vi til at Justisdepartementet i sin høyringsuttale av 27.03.2007 streka under at studentsamskipnadene burde vere omfatta av offentleglova.

§ 3 Tilhøvet til rettsstellovene

Ingen merknad

§ 4 Betaling for innsyn

NJ ber om at det i langt sterkare grad vert streka under at hovudregelen er at innsyn er gratis, og at det i praksis også inneber at hovudregelen er at kopiar er gratis. NJ er sterkt tvilande til om det er rett å ha eigne forskrifter for å kome klar "provokatørar" eller "kranglefantar". Uansett må aldri vere tvil om at det vil vere gratis innsyn og gratis kopiar der henvendelsen er seriøs.

Slik lovparagrafen er formulert, fryktar NJ at mange vil bruke "kan-retten" til å ta seg betalt, noko som er uheldig og unødvendig.

NJ reagerer også på at det vert opna for å ta betalt for eigedomsinformasjon frå Norsk Eigedomsinformasjon AS. Dette vil i så fall bryte med ein god og langvarig praksis ettersom slik informasjon har vorte levert gratis til media i mange tiår.

§ 5 Unntak frå rett til kopi

Det er flott at departementet er opptatt av å verne om immaterielle rettar til tredjepersonar, men NJ er i sterk tvil til om det er fornuftig at forvaltninga gjennom offentleglova regulerer forhold som gjeld opphavsmannen og vedkomande som mottek åndsverket.

§ 6 Tilgjengeleggjing av journalar på internett

NJ meiner at fylkeskommunar og kommunar må verte omfatta av plikta til å leggje journalar ut på internett, ikkje berre statsforvaltninga ved departementa, statlege organ og ein del direktorat. Mange kommunar som fører elektronisk postjournal legg allereie denne ut på internett. Etter NJs syn er det derfor både uheldig og imot etablert praksis at ein i forskrifta ikkje pålegg kommunar og fylkeskommunar som fører elektronisk postjournal om å tilgjengeleggjere den på internett.

NJ reagerer i tillegg på at det vert vurdert å gjere unntak for små organ med få tilsette, og her vert det spesielt vist til små utanriksstasjonar. Derimot vert det slått fast at det stiller seg annleis med større utanriksstasjonar som behandlar saker av stor offentleg interesse. NJ meiner det vert feil å skilje mellom små og store utanriksstasjonar, og det er heller ikkje slik at den offentlege interessa er proporsjonal med størrelsen på ein utanriksstasjon. I alle fall vert det historieløst å bruke dette som argument i ei forskrift.

NJ ber samstundes sterkt om at det skal vere mogleg å søkje på personnamn, og ser ikkje at det er dokumentert saklege grunnar til at dette ikkje skal vere muleg. NJ åttvarar samstundes sterkt imot alle idear om å skilje mellom pressa og ålmenta i kva det skal vere muleg å søkje på.

NJ meiner det er uheldig at det i journalen skal opplysast om kontaktperson. Her bør det i staden opplysast om sakshandsamar, slik det var formulert i tidlegare arkivinstruks. For den enkelte journalist er det viktig å kome i direkte kontakt med den enkelte sakshandsamar, som kjenner dei ulike sakene best, og ikkje talspersonar eller kontaktpersonar for dei ulike organa.

Derimot er NJ samd med departementet i at det ikkje må vere opp til det enkelte organ å avgjere kva som skal gjerast tilgjengeleg på internett.

§ 7 Tilgjengeleggjing av dokument på internett

For å unngå mistydingar, meiner NJ at det i forskrifta må poengterast at det berre er for utlegginga på internett at opplysningane i punkt a-d ikkje er med. Dette for at det ikkje skal vere tvil om at opplysningane i utgangspunktet er tilgjengelege når ein ber om å få innsyn til dømes gjennom å få dokumenta på papir eller e-post, eller ved direkte frammøte hos organet.

§ 8 Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing

NJ foreslår her følgjande tillegg i § 8, første ledd: "Unntaket gjeld heller ikkje for dokument som går mellom dei ulike fakultet6a ved universitet og høgskular". Forøvrig har vi ingen merknader.

§ 9 Unntak for dokument og journalar

Ingen merknad, men unntak av det bør vurderast om det bør presiserast at unntaket ikkje gjeld for innkallingar og saklister.

§ 10 Innsyn i graderte dokument

Ingen merknad

§ 11 Klageorgan

NJ finn det prinsipielt uheldig at den som er "eigar" av eit rettssubjekt også skal vere klageinstans, slik det vert foreslått for statlege sjølvstendige rettssubjekt. Der det er fleire overordna statlege organ som har ansvaret for slike rettssubjekt, meiner NJ at Justisdepartementet bør fatte vedtak om kven som skal vere klageinstans.

På kommunalt og fylkeskommunalt nivå, meiner NJ at det er fylkesmannen som bør vere klageinstans.

Departementet etterlyser i sitt høyringsnotat eksempel på situasjonar der det har vore tvil om klageinstans for avgjerder tekne av forvaltningsorgan. Vi nemner her Den norske kyrkja, der det i dag ikkje er mogleg å klage på vedtak fatta av kyrkjelege organ.

§ 12 Iverksetjing og overgangsreglar

Ingen merknad, bortsett frå at NJ ber innstendig om at arbeidet med offentlegheitslova vert prioritert, slik at den kan gjelde frå 1. januar 2008.

§ 13 Oppheving av eldre forskrifter

Ingen merknad

Med venleg helsing
Norsk Journalistlag

